

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Sjette søndag i påsketida - 5. mai 2013

Lesetekst I: 1 Kong 3, 5-14 eller Apg 12, 1-17

Lesetekst II: Ef 3, 14-21

Preiketekst: Matt 6, 7-13

Meir enn sitt Fadervår

Fadervår er allemannseige! Heldigvis er det slik. Me skal ikkje undervurdera slik grunnkunnskap hjå folk flest.

Sjette søndagen i påsketida handlar om bøn. Alminneleg, men ømtåleg, elementært, men djuptpløyande. Påsketida dreier seg om at den oppstadne openberrar seg for sine på ulikt vis. Sjølv sagt høyrer då bøna med! Aldri er vel den krossfeste og oppstadne so nær som i bøna? Slik tenkjer me vel gjerne, men sanneleg trengst det undervisning i dette temaet likevel! Bergpreika er undervisning. For læresveinane primært, men elles for alt Guds folk. Jesus lærer oss om både det farlege og det moglege når det gjeld bøna.

v 7: *Når de bed, skal de ikkje ramsa opp ord.* Du som les dette, høyrer gjerne til forkynnargruppa. Og forkynnarar nyttar ord. Mange ord. Kanskje også i sitt forhold til den Gud og Herre som ser til hjarta.

Det stille rommet

Me som skal leia andre, er sjølve etterfølgjarar. Og Jesus *fører oss til vatn der me finn kvile.* Hallesby sa noko om bøna som *hjertets fortrolige samtale med Gud.*

Difor: Du som talar til andre, søk inn i det stille rommet, så den oppstadne kan gje deg av sitt rike forråd. Gjer det gjerne til faste tider, som dei jødiske: kl 09, kl 12 og kl 15 (jfr Dan 6,11; Apg 3,1; 10,3-9), eller når det elles er mest praktisk.

Gud er ein ordens Gud, utan dermed å vera smalsynt revisor. Difor kan me gjerne òg ha struktur på bøn livet, for slik betre å la våre steg ha preg av at *Tett ved sida mi går Jesus.*

Fadervår er i skuddet. Kanskje har det lagt seg litt no, men lenge storma det rundt den nye omsetjinga. *Vår Far* eller *Fader vår*. Det er naturleg at bibelomsetjarar også arbeider med dei liturgiske delane i Skrifta. Her skal ikkje drøftast pro & contra, men berre kviskrast: Det var kanskje ikkje det glupaste me har gjort i Kyrkja, folkepedagogisk sett. Er det noko folk kan av kristeleg tradisjonsstoff, så er det vel Fadervår.

Bøn med særstilling

Herrens bøn er nettopp det: Den bøna Herren lærte sine. Det gjev bøna særstilling framfor dei heimelaga. Med sin indre struktur (sju bøner i èi) og sin breidde, utgjer desse orda frå Herrens munn eit feste for alt bøn- og andaktsliv til alle tider.

Dei tre første bønene gjeld Gud. Han er det logiske subjektet her. HAN må *la namnet sitt helgast*, HAN må *la riket koma*, HAN må *la vilje råda på jorda* (konfererer elles dei ti boda, med inndelinga tre pluss sju. Dei fire siste bønene løftar fram vårt fysiske og åndelege liv. I alt dette ligg helging. Å bøya seg for Den eine sanne Gud og be ned over seg Hans vesen og makt. Gud vil alltid det beste for oss! Som kristne og som leiarar treng me det kanskje meir enn andre at Herren gjev oss av seg sjølv.

Jesu jødiske samtid hadde vel mykje av bønepreget; ikkje alltid ekte og sannferdig, men Guds folk visste at Gud har krav på oss, difor lyt me gjera namnet hans kjend i ord og liv. Slik kan me eiga fellesskapet med det jødiske gudsfolket: Å be til Abraham, Isak og Jakobs Gud. Som kristne kjenner me det vel sterkast i høve messiansk jødedom: Jesus Messias er nøkkelen til Guds hjarta.

Bøna er ein tilstand

Bøn er ikkje berre til indre oppbygging. Bøna er ein tilstand, der Guds gjerning kan skje ved våre liv. Å be med Bibelen, skal òg få forma vår veremåte i høve dei andre, nært og fjernt. v 12 (femte bøna) speglar seg i 18,21ff.

Til meditasjon kan du jo elles klikka deg inn på Youtube.com: `Tonereise-Kilden`, ei fornya utgåve av vår lokale Ragnar Vigdal sin folketone om Kilden Jesus. Der er bøna kalla `et kar til at øse`.

Geir Paulsen

Sokneprest i Luster. Gjennom lang tid engasjert og involvert i Israelsmisjonen, som fritidsforkynnar, medlem og leiar av krinsstyret i Sogn og Fjordane.

geir@kyrkja.luster.no